

Alminnelege vilkår for Kontrakt om kunstoppdrag mellom Kunst i offentlege rom (KORO) og Kunstnaren (Vilkåra)

1. Verkeområde

Vilkåra er utarbeidd for bruk i kontraktforhold der Kunstnaren tar på seg å skape eit kunstnarisk arbeid (Verket) nærmare skildra i Hovuddokumentet med vedlegg, samt montere dette i eller knytt til eit eksisterande eller planlagt offentleg rom eller bygg.

2. Kontraktdokument

Om ikkje anna er avtalt, er desse dokumenta vedlegg til Hovuddokumentet i Kunstkontrakten:

| Vedlegg | Dokument |
|----------------|---|
| A | Vilkåra |
| B | Godkjend gjennomføringsplan |
| C | Betalingsplan (eventuelt inkludert i Hovuddokumentet pkt. 3) |
| D | Forslaget til Kunstnaren |
| E | Framdriftsplanen til byggeprosjektet |
| F | Skildring av fysisk arbeidsunderlag og relevant prosjektering |
| G | Organisasjonskartet til byggeprosjektet |
| H | Andre dokument |

Dei dokumenta som utgjer Kunstkontrakten, utfyller kvarandre. Ved motstrid skal dei gjelde i rekkefølga gitt over.

3. Kunstkonsulent og kunstutval

3.1 Kunstkonsulent

Kunstkonsulenten skal:

- innanfor rammene til Kunstkontrakten representere KORO overfor Kunstnaren
- i rimeleg utstrekning rettleie og hjelpe Kunstnaren under skapinga
- fungere som eit kontaktpunkt mellom Kunstnaren og kunstutvalet
- fungere som eit kontaktpunkt mellom Kunstnaren og byggeprosjektet

3.2 Kunstutval

Kunstutvalet består av kunstkonsulenten samt representantar frå arkitekt, byggherre og brukar. Førspurnader til og frå Kunstnaren skjer gjennom kunstkonsulenten. Kunstutvalet blir vanlegvis leidd av ein kunstkonsulent. Kunstutvalet skal:

- behandle gjennomføringsplanen, jf. pkt. 4
- sørge for at Verket blir innarbeidd i framdriftsplanane til byggeprosjektet
- fungere som ei ressursgruppe for Kunstnaren under skapinga av Verket
- registrere eventuelle særskilte avtaler mellom Kunstnaren og enkeltmedlemmer i utvalet eller andre aktørar i byggeprosjektet

- representere KORO ved overtakinga av Verket, jf. pkt. 13

Med mindre anna er skriftleg avtalt, har KORO risikoen for all skriftleg rådgiving eller prosjektering som kunstutvalet eller kunstkonsulenten gir Kunstnaren.

4. Gjennomføringsplan

4.1 Gjennomføringsplan

4.1.1 Utarbeiding av gjennomføringsplan

Før skapinga av Verket skal Kunstnaren levere ein underskriven gjennomføringsplan til KORO.

Planen skal:

- skildre Verket
- vise Kunstnaren sine hovudaktivitetar knytt til skapinga av Verket
- vise KORO eller andre sine aktivitetar som skapinga av Verket er avhengig av
- innehalde budsjett og framdriftsplan
- skildre krav til monteringsstaden, inkludert byggetekniske føresetnader
- innehalde Kunstnaren si vurdering og konklusjon med tanke på gjennomføring

4.1.2 Eventuelt samtykke frå tredjepart

Dersom skapinga av Verket er avhengig av samtykke frå rettshavar til anna opphavsrettsleg eller på annan måte verna materiale, skal nødvendig samtykke dokumenterast i gjennomføringsplanen. Dersom Kunstnaren ikkje har fått nødvendig samtykke til utnyttinga som er omfatta av pkt. 14.2 og 15.2 til 15.3.4, skal det komme tydeleg fram i planen.

4.2 Behandling av gjennomføringsplanen

KORO skal utan ugrunna opphald behandle gjennomføringsplanen etter pkt. 4.1 eller Kunstnaren si avgjerd etter pkt. 5.1 om å avbryte Kunstkontrakten.

Resultatet av behandlinga til KORO kan vere at:

- gjennomføringsplanen blir godkjend
- Kunstnaren si avgjerd om å avbryte Kunstkontrakten, får tilslutning, jf. 5.3
- planen blir sendt tilbake for vidare omarbeiding
- Kunstkontrakten blir avbroten, jf. pkt. 5.3

4.3 Konsekvensar av godkjenning

Godkjend gjennomføringsplan skal inngå som vedlegg B til Kunstkontrakten.

5. Partane sin rett til å bryte Kunstkontrakten

5.1 Kunstnaren sin rett til å bryte Kunstkontrakten

Kunstnaren har anledning til å bryte Kunstkontrakten dersom det ikkje er muleg å gjennomføre prosjektet i samsvar med skildringar, føresetnader og krav som følgjer av kontrakten, innanfor rimelege økonomiske rammer for Kunstnaren.

Kunstnaren skal gi beskjed seinast innan fristen for levering av gjennomføringsplanen, jf. pkt. 4.1.

5.2 KORO sin rett til å bryte Kunstkontrakten

KORO har anledning til å bryte Kunstkontrakten dersom gjennomføringsplanen ikkje oppfyller skildringar, føresetnader og krav som følgjer av kontrakten.

Direktøren for KORO skal gi skriftleg beskjed med grunngiving innan rimeleg tid.

5.3 Følgjer av broten kontrakt

Oppdraget blir rekna som avslutta dersom Kunstkontrakten blir avbroten etter pkt. 5.1 eller 5.2. Har Kunstnaren levert gjennomføringsplanen i samsvar med pkt. 4.1, har Kunstnaren rett til ei godtgjersle som står i forhold til arbeidet, jf. vedlegg C.

6. Krav til Verket

KORO har ansvaret for å innhente nødvendig rammeløyve og igangsettingsløyve i samsvar med Plan- og bygningslova.

Med mindre anna er avtalt, skal Kunstnaren sørge for nødvendig dokumentasjon som grunnlag for rammeløyve, bruksløyve og ferdigattest, som blir sendt til den KORO peikar ut.

Kunstnaren har ansvaret for at Verket oppfyller krava i Kunstkontrakten og krav til forsvarleg teknisk løysing og standard, samt at Verket er i samsvar med avgjerder gitt i lov, forskrift, rammeløyve og andre avgjerder som måtte komme i bruk.

7. Forsikring

Kunstnaren har ansvaret for at Verket er forsikra fram til overtaking. Med mindre anna er avtalt, skal forsikringa teiknast på vilkår som er vanlege for den typen arbeid som Kunstnaren og medhjelparane hans/hennar skal utføre.

Med mindre anna er avtalt, er Kunstnaren ansvarleg for nødvendig ansvarsforsikring. Forsikringa skal dekke ansvar for skade Kunstnaren eller medhjelparane hans/hennar kan påføre tredjemannsperson(ar) eller ting fram til overtaking. Forsikringa skal ha vilkår som er vanlege for den typen arbeid som Kunstnaren og medhjelparane hans/hennar skal utføre.

Attestar for kvar teikna forsikring skal kunne visast KORO om KORO ber om det.

8. Forhold på byggeplassen

8.1 Pliktene til KORO

KORO skal sørge for at Kunstnaren får nødvendig informasjon om bygge- eller anleggsplassen, inkludert:

- informasjon om framdrift og endringar for leveransar og entrepriser som er av betydning for Verket
- byggeplassinstruksar, inkludert ivaretaking av helse, miljø og sikkerheit, bruk av rigg, avfallshandtering og anna av betydning for leveransen til Kunstnaren

KORO har det overordna ansvaret for å koordinere leveransane til Kunstnaren med andre leveransar til byggeprosjektet. KORO pliktar å varsle Kunstnaren skriftleg og utan ugrunna opphald dersom KORO blir kjend med forhold som kan hindre framdrifta eller påføre Kunstnaren meirkostnader.

.2 Pliktene til Kunstnaren

Kunstnaren skal før levering og montering forsikre seg om at montasjestaden er klargjort som avtalt og utan ugrunna opphald varsle KORO dersom så ikkje er tilfelle. Kunstnaren pliktar å følge instruksar og tilvisingar som gjeld byggeplassen, gitt av byggherren, representanten for byggherren, byggeleiaren eller HMS-ansvarleg.

9. Fristar, framdrift og tilleggsbetaling

9.1 Samordning

Partane skal levere ytingane sine til dei avtalte tidsfristane fastsett i Kunstkontrakten, og er elles forplikta til å halde kvarandre orientert om framdrifta i nødvendig utstrekning.

Kunstnaren forpliktar seg til å samordne ytingane sine med ytingane til dei andre aktørane i byggeprosjektet. KORO kan krevje at Kunstnaren deltar i møte med andre aktørar i byggeprosjektet når KORO ser dette som nødvendig for samordning. Innkalling skal skje skriftleg frå kunstkonsulenten i god tid.

9.2 Krav om omlegging

Viss omsynet til samordning med andre aktørar gjer det nødvendig at Kunstnaren legg om ytingane sine, kan KORO krevje at Kunstnaren gjer ei slik omlegging av framdrifta. Ei slik omlegging kan KORO berre krevje viss det er praktisk muleg og kan skje utan at Kunstnaren blir påført urimeleg belastning.

9.3 Krav om tilleggsbetaling

Kunstnaren kan krevje å få dekt eventuelle meirkostnadar som følgje av pålegg etter pkt. 9.2. Grunna krav skal framsettast skriftleg utan ugrunna opphald. KORO pliktar å svare på kravet utan ugrunna opphald.

Ueinigheit om spørsmål om tilleggsbetaling fritar ikkje Kunstnaren frå plikta til å etterkomme krav etter pkt. 9.2.

9.4 Krav om lengre frist

Kunstnaren har krav på lengre frist dersom han/ho blir hindra i framdrifta som følgje av forhold KORO har risikoen for, eller forhold som ligg utanfor Kunstnarens kontroll.

Fristforlenginga skal svare til den verknaden hindringa har på framdrifta.

Dersom Kunstnaren vil krevje lengre frist, skal han/ho utan ugrunna opphald gje KORO skriftleg varsel om dette.

10. Endringar

10.1 Endringar

Partane kan ved avtale gjere endringar av Verket. Endringsavtalen skal klart opplyse om kva for endringar som er gjort, samt kva for økonomiske og framdriftsmessige konsekvensar endringa får. Gjennomføringsplanen skal justerast tilsvarende.

10.2 Avbestilling

Dersom Verket ikkje kan leverast i samsvar med gjennomføringsplanen som følge av endringar i byggeprosjektet, skal KORO be Kunstnaren om å foreta ønskte endringar av Verket. Blir partane i slike tilfelle ikkje einige, kan KORO anten fasthalde det opphavleg avtalte eller avslutte Kunstkontrakten. Blir Kunstkontrakten avslutta, har Kunstnaren krav på kontraktsummen etter frådrag av sparte kostnader.

11. Kontraktsum

Kontraktsummen er det opphavleg avtalte beløpet justert for godkjende endringar i gjennomføringsplanen, jf. pkt. 4.

Vederlag som omtalt i pkt. 15 inngår ikkje i kontraktsummen. Det same gjeld tilleggsbetaling etter pkt. 9.3 eller 10.1.

12. Betaling og fakturering

12.1 Betalingsplan

Partane skal i samband med kontraktsinngåing utarbeide ein plan som grunnlag for betaling (betalingsplan), inntatt som vedlegg C til Kunstkontrakten, med mindre planen er med i Hovuddokumentet, pkt. 3. Planen skal reflektere den forventede framdrifta og produksjonen av Verket med siste betaling etter overtaking av Verket.

12.2 Tilbakehaldsretten til KORO

KORO kan halde tilbake betaling for krav fremma mot KORO som følge av forseinkingar og meirkostnader på byggeprosjektet med inntil ti – 10 – prosent av kontraktsummen, jf. pkt. 16.1.

13. Overtaking

13.1 Overtakingsforretning

Med mindre anna er avtalt, blir Verket overtatt ved ei overtakingsforretning. Kunstnaren skal

varsle kunstkonsulenten fjorten dagar før Verket er forventa ferdigstilt. KORO sørgjer for å innkalle til overtakingsforretning.

Partane har plikt til å møte på overtakingsforretning. Unnlèt éin av partane å møte utan gyldig grunn, kan den andre parten gjennomføre overtakingsforretninga aleine.

Kunstnaren skal levere ei kort skildring av kva for materiale som er brukt i utføringa av Verket, og opplyse om framtidig reinhald og vedlikehald. Desse skildringane og opplysningane skal fyllast ut i eit eige dokumentasjonsskjema som blir fastlagt av KORO. Skjemaset skal leverast til KORO i ferdig utfylt stand seinast ved overtakingsforretninga.

Med mindre anna er avtalt, er Kunstnaren forplikta til å oppbevare skisser, modellar, prøvetrykk og liknande til overtakingsforretninga er halden.

13.2 Protokoll

Det skal førast protokoll over overtakingsforretninga, som skal opplyse om:

- a) kven som er til stades
- b) påviste manglar
- c) frist for utbetring av påviste manglar og tidspunkt for eventuell ny inspeksjon
- d) kor vidt Verket skal overtakast eller blir nekta overtaking

Protokollen skal underteiknast av dei som er til stades. Partane skal ha kvart sitt eksemplar av den underskrivne protokollen.

13.3 KORO sin rett til å nekte overtaking

KORO kan nekte å overta Verket viss det ved overtakingsforretninga blir påvist vesentlege avvik frå det som er avtalt. Det same gjeld dersom det ikkje er lagt fram avtalt dokumentasjon på at Verket oppfyller krava til forsvarleg teknisk løysing og standard, og er i samsvar med avgjerder gitt i lov, forskrift, rammeløyve og andre avgjerder som måtte komme i bruk.

Viss KORO nektar å overta Verket utan rettmessig grunn, skal ein rekne overtaking for å ha funne stad.

13.4 Konsekvensar av overtaking

Ved overtaking finn desse konsekvensane stad:

- a) Risikoen for Verket går frå Kunstnaren til KORO
- b) Kunstnaren har ikkje lenger plikt til å halde Verket forsikra
- c) Reklamasjonsfristen begynner å løpe, jf. pkt. 16.2.6

13.5 Delovertaking

KORO kan overta delar av Verket dersom dette følgjer av Kunstkontrakten. Sjølv om det ikkje følgjer av Kunstkontrakten, kan KORO deloverta etter nærmare drøftingar med Kunstnaren.

Delovertaking skal skje ved overtakingsforretning. For delovertaking gjeld avgjerdene i pkt. 13.1,

13.2 og 13.3 så langt dei passar. Ved delovertaking skal ein opplyse om kva for delar av Verket som blir overtatt, og kva for kontraktverdi eller forholdsmessig verdi desse har.

Ved delovertaking gjeld avgjerdene i pkt. 13.4 a) og b) tilsvarande for den delen av Verket som blir overtatt.

14. Egedomsrett og forvaltning

14.1 Egedomsrett

Ved overtakingsforretninga går egedomsretten til det overleverte Verket over til den som ifølge Hovuddokumentet skal vere eigar av det.

14.2 Vising og framføring av Verket

Eigaren står etter overtakinga av Verket fritt til å vise, eller unnlate å vise, det leverte Verket, og, med mindre anna er skriftleg avtalt, til å flytte det. Er Verket ifølge Kunstkontrakten levert i ei form som krev framføring, gjeld denne avgjerda tilsvarande for framføring som er tillaten etter pkt. 15.2. Verket må ikkje under nokre omstende bli vist eller framført i ein samanheng eller på ein måte som er krenkande for omdømmet eller eigenarten til Verket eller Kunstnaren, jf. Åndsverklova § 3.

Ved overtaking av det leverte Verket til ein ny eigar følgjer retten til vising og framføring etter avgjerda her, med.

For framføring av musikkverk vik denne avtalen for ein eventuell avtale med TONO.

14.3 Forvaltning

Når eigaren av det leverte Verket er Staten, har KORO, så lenge Verket er i Statens eige, eit overordna forvaltningsansvar og skal legge til rette for god forvaltning av Verket og i samband med overtakinga av Verket til brukarinstitusjonen levere material- og vedlikehaldsskildring og inngå brukaravtale. Brukaravtalen skal alltid ha med ei avgjerd som sikrar Kunstnaren tilgang til å dokumentere Verket, jf. Åndsverklova § 49. Rett etter overleveringa skal KORO sende Kunstnaren kopi av underskriven brukaravtale (med vedlegg) til orientering.

Når eigaren av det leverte Verket er ein annan enn Staten, skal KORO snarast muleg etter overtakinga av Verket til oppdragsgivaren levere oppdragsgivaren material- og vedlikehaldsskildring, med dokumentasjon, samt skriftleg informasjon om korleis ein sørgjer for god forvaltning, inkludert informasjon om Kunstnaren sine rettar etter Åndsverklova § 49. KORO sender samtidig kopi av materialet til Kunstnaren.

14.4 Skilting

KORO sørgjer for nødvendig skilting av Verket.

15. Opphavsrett og utnytting av Verket

15.1 Rettane til Kunstnaren

Kunstnaren har opphavsretten til Verket, men utøvinga av retten er underlagt dei avgrensingane som er fastsett ved denne avtalen.

Med mindre anna kjem fram av Hovuddokumentet, har Kunstnaren rett til å framstille fire eksemplar av Verket pluss eitt visingseksemplar, i tillegg til det eksemplaret som er overdratt etter avtalen.

Kunstnaren kan framstille ytterlegare eksemplar av Verket i omarbeidd form. Kunstnaren kan fritt ta fotografi eller film av Verket, og utnytte slike avbilingar, så lenge avbilinga ikkje verkar som ein regelrett kopi av det leverte Verket. Når Verket er samanstilt av fleire delar som er skapt for denne samanninga, men som kvar for seg vil kunne utgjere eit sjølvstendig verk, gjeld avgjerdene tilsvarande for heilskapen. Det kan ikkje framstillast ytterlegare eksemplar av den enkelte delen.

15.2 Framføring

Når Verket er levert i ei form som krev bruk av særskilte tekniske hjelpemiddel for at publikum skal kunne oppleve Verket, blir retten til offentleg framføring av Verket overført samtidig. Slik framføring kan berre skje ved bruk av verkseksemplar som er levert av Kunstnaren eller framstilt etter avtalen her. Om det leverte Verket blir overført til ein ny eigar, følgjer denne framføringsretten med. For framføring av musikkverk vik denne avtalen for ein eventuell avtale med TONO.

Er Verket, eller ein del av Verket, levert i form av lydopptak eller film eller digitalt format, har KORO rett til å framstille tilsvarande eksemplar slik at det til bruk i framføring (inkludert i arkivet og kunstdatabasen til KORO, jf. pkt. 15.3.1) til ei kvar tid finst inntil fire framføringseksemplar inklusive eventuelle tilleggseksemplar som Kunstnaren har levert i samsvar med avgjerder i Hovuddokumentet.

KORO sin rett til framstilling av framføringseksemplar kan, med mindre anna er avtalt, heilt eller delvis overførast til eigar saman med det leverte Verket.

15.3 Rettane til KORO

15.3.1 Dokumentasjon

KORO har rett til, ved fotografi eller film:

- å avbilde Verket under skapinga
- å avbilde det ferdige Verket
- å lagre og vise avbilingane, også elektronisk, i arkivet og kunstdatabasen til KORO

Statsbygg, eller ein annan statleg byggherre, kan i ferdigmeldinga for bygget fritt vise fotografiske avbilingar av Verket under skapinga eller i endeleg form.

Avbilingane, samt framføringseksemplar som nemnt i pkt. 15.2, kan bli stilt til rådighet internt

hos KORO og elles for kunstkonsulentar, delprosjektleiingar, kunstutval og andre i samband med at dei skal medverke i eit bestemt kunstprosjekt som blir utført etter avtale med KORO. KORO kan dessutan stille avbilingane til rådighet for Statsbygg, eller ein annan statleg byggherre, for tilsvarande formål. Ein kan få tilgang i lokala til KORO, ved utlån av eksemplar eller via Internett på ein slik måte at mottakar ikkje kan laste ned eller lage utskrift av materialet. Utlånte eksemplar skal ikkje kopierast av mottakar.

Avbilingane kan også bli vist på skjerm i lokala til KORO.

For lydopptak, film og andre audiovisuelle verk gjeld avgjerdene i punktet her tilsvarande for framføring og vising av korte utdrag av Verket, med mindre anna er avtalt i Hovuddokumentet med vedlegg.

Med mindre anna er avtalt, betaler KORO for bruk etter denne avgjerda årleg vederlag som svarer til dei aktuelle satsane etter KORO si avtale med BONO. Utbetaling til Kunstnaren skjer gjennom BONO, uavhengig av om BONO representerer Kunstnaren. Har BONO og KORO ikkje inngått avtale, blir vederlaget avtalt særskilt. Kunstnaren skal namngivast slik god skikk tilseier, jf. Åndsverklova § 3.

For framføring av musikkverk vik denne avtalen for ein eventuell avtale med TONO eller Nordisk Copyright Bureau (NCB).

15.3.2. Framføring i presse og kringkasting

I ein avgrensa periode etter overtakinga kan KORO også stille avbilingar framstilt etter pkt.

15.3.1 til disposisjon for presse og kringkasting for vising ved omtale i dagshending. Avbilinga skal vere merka med opphavsrettsleg informasjon.

For lydopptak og film og andre audiovisuelle verk gjeld avgjerdene i punktet her tilsvarande for framføring av korte utdrag av Verket, med mindre anna kjem fram av Hovuddokumentet med vedlegg.

Kunstnaren skal namngivast slik god skikk tilseier, jf. Åndsverklova § 3.

For framføring av musikkverk vik denne avtalen for ein eventuell avtale med TONO eller NCB.

15.3.3 Publisering

Avbiling framstilt etter pkt. 14.3.1 kan KORO elles vise i informasjonsmateriell og formidlingsmaterieell som årskatalogar, innkjøpskatalogar og småtrykk (papir og pdf), på eigne nettsider (www.koro.no) og i annonsar for KORO hos tredjepart (på papir og digitalt). Eventuell vising på nettsida til KORO skal skje i format som ikkje kan lastast ned eller skrivast ut.

Med mindre anna er avtalt, betaler KORO for bruk etter denne avgjerda vederlag som svarer til dei aktuelle satsane etter KORO sin avtale med BONO. Vederlaget blir utbetalt året etter at publiseringa fann stad. Utbetaling til Kunstnaren skjer gjennom BONO, uavhengig av om BONO

representerer Kunstnaren. Har BONO og KORO ikkje inngått avtale, blir vederlaget avtalt særskilt.

For lydopptak og film og andre audiovisuelle verk gjeld avgjerdene i punktet her tilsvarande for framføring av korte utdrag av Verket, med mindre anna er avtalt.

Kunstnaren skal namngivast slik god skikk tilseier, jf. Åndsverklova § 3.

For framføring av musikkverk vik denne avtalen for ein eventuell avtale med TONO eller NCB.

15.3.4 Formidling og utlån

Avbildingane nemnt i pkt. 15.3.1 kan KORO sjølv nytte i eiga formidling ved munnleg presentasjon.

Slike avbildingar kan også, ved utlån eller elektronisk, stillast til rådighet for kunstkonsulenten og andre som i samsvar med denne avtalen har medverka i kunstprosjektet, for byggherren og arkitekten samt brukarinstusjonen, til bruk i deira munnlege presentasjon av prosjektet.

Med mindre anna er avtalt, kan KORO også ved utlån nytte avbildingar av Verket i undervisning og ikkje-kommersielle foredrag.

Avbildingar som blir stilt til rådighet i medhald av desse avgjerdene, skal ikkje kopierast av lånaren, og skal vere merka med opphavsrettsleg informasjonstekst om tillaten bruk. Om dei blir stilt til rådighet i elektronisk form, skal dei vere utstyrt med kopisperre. Kunstnaren skal namngivast slik god skikk tilseier, jf. Åndsverklova § 3.

For lydopptak og film og andre audiovisuelle verk gjeld avgjerdene i punktet her tilsvarande for framføring av korte utdrag av Verket, med mindre anna er avtalt. For framføring av musikkverk vik denne avtalen for ein eventuell avtale med TONO.

Lånaren sin bruk av materiale som KORO har stilt til rådighet etter denne avgjerda, krev løyve i lov eller avtale.

15.3.5 Overføring av rettane til KORO

Rettane til KORO etter pkt. 15.3 kan berre overførast saman med verksemda til KORO eller den delen av verksemda som Verket inngår i.

15.4 Skisser, modellar, prøvetrykk o.l.

KORO kan før eller i tilknytning til overtakinga av Verket vise fram skisser, modellar og prøvetrykk på utstilling eller i ein tilsvarande tidsavgrensa presentasjon i eigen eller andres regi utan å betale særskilt vederlag til Kunstnaren. Skisser, modellar, prøvetrykk og liknande som er innlevert til KORO, blir levert tilbake til Kunstnaren når Verket er overtatt etter pkt. 13.

15.5 Rettane til tredjepart

Kunstnaren skal sørge for at det leverte Verket kan bli utnytta i samsvar med denne avtalen utan hinder av rettar som tredjepart måtte ha til verk eller andre arbeid som Kunstnaren måtte ha utnytta i det leverte Verket.

16. Misleghald

16.1 Erstatning ved forseinking

Dersom forsinka eller mangelfull levering av Verket som skuldast forhold som Kunstnaren ber risikoen for, fører til forseinking eller meirkostnader for byggeprosjektet, kan KORO krevje erstatning av Kunstnaren med inntil 10 – ti – prosent av kontraktsummen. KORO kan likevel ikkje krevje meir enn det KORO blir gjort ansvarleg for frå byggherren.

Ansvarsavgrensinga gjeld ikkje dersom forseinkinga har årsak i forsett eller grov aktløyse hos Kunstnaren.

16.2 Mangel

16.2.1 Når er det mangel

Det er mangel dersom Verket ved overtakinga ikkje er i den stand KORO har krav på etter Kunstkontrakten, og dette skuldast forhold Kunstnaren er ansvarleg for. Som mangel reknar ein også skade på Verket som oppstår etter overtakinga, og som er ein nærliggande og pårekeleg følge av den opphavlege mangelen.

16.2.2 Utbetring

Mangel ved Verket som KORO har meldt frå om i rett tid, har Kunstnaren rett og plikt til å utbetre for eigen kostnad, med mindre kostnadene til utbetringa ikkje står i rimeleg forhold til det ein oppnår.

Dersom Kunstnaren mislegheld utbetningsplikta, kan KORO sette i verk utbetring for Kunstnaren si rekning. KORO skal i så fall varsle Kunstnaren skriftleg minst to veker før utbetningsarbeida blir sett i gang.

16.2.3 Prisavslag

Dersom KORO ikkje har krav på utbetring etter pkt. 16.2.2, kan KORO i staden krevje prisavslag.

Størrelsen på prisavslaget blir fastsett på grunnlag av verdireduksjonen mangelen representerer. Prisavslaget skal minst svare til det Kunstnaren sparer på at Verket ikkje er utført i samsvar med Kunstkontrakten.

16.2.4 Erstatning ved mangel

Dersom mangelen skuldast aktløyse hos Kunstnaren, kan ein halde han/henne ansvarleg for kostnadene til utbetring av skadar på delar av bygget eller anlegget som ikkje er omfatta av Kunstkontrakten.

Skuldast mangelen forsett eller grov aktløyse, kan KORO i tillegg krevje å få dekt økonomiske tap.

16.2.5 Reklamasjon og overtaking

Manglar som KORO har eller burde ha oppdaga ved overtakingsforretninga, kan seinast gjerast gjeldande når overtakingsforretninga blir avslutta. Mangelen skal nemnast i overtakingsprotokollen eller i eit vedlegg til denne, jf. pkt. 13.2.

16.2.6 Seinare reklamasjon

For skjulte manglar gjeld at KORO skal varsle Kunstnaren i rimeleg tid etter at KORO har eller burde ha oppdaga mangelen.

Reklamasjon kan under ingen omstende settast fram meir enn fem – 5 – år etter overtakinga.

16.3 KOROs betalingsmisleghald

Ved forseinka betaling blir det lagt på forseinkingsrenter i samsvar med lov om renter ved forseinka betaling (lov nr. 100/1976) frå forfall til betaling skjer.

16.4 Heving

Ein part kan heve Kunstkontrakten dersom den andre parten vesentleg mislegheld kontraktpliktene sine, eller dersom det er klart at vesentleg misleghald vil skje.

Før heving kan settast i verk etter første ledd, skal parten som ønskjer å heve Kunstkontrakten ha gitt den andre parten ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om heving om så ikkje skjer.

17. Oppmannsavgjerd

Inntil overtaking kan kvar av partane krevje ein tvist om kontraktforholdet avgjort av oppmann, med mindre anna er avtalt eller tvisten er brakt inn for domstol, jf. pkt. 18 andre ledd.

Partane skal innan 14 dagar etter at krav om oppmannsavgjerd blei sett fram, utnemne ein oppmann. Blir ein ikkje einige innan fristen, skal oppmann utnemnast av Sorenskrivaren i Oslo.

Krav og tilsvar skal settast fram skriftleg for oppmannen innan ein rimeleg frist som oppmannen set. Oppmannen kan innkalle partane til møte eller inspeksjon dersom dette verkar nødvendig for å ta stilling til krava frå partane.

Partane kan når som helst avtale at avgjerda til oppmannen skal vere bindande.

Kvar av partane ber eigne kostnader ved oppmannsavgjerd. Kostnadene til oppmannen blir delt på to.

18. Tvist

Tvistar under denne avtalen blir løyst etter norske reglar.

Tvistar skal forsøkt løysast i minnelegheit. Viss partane ikkje blir einige, blir tvisten behandla ved dei ordinære domstolane, med mindre partane har avtalt eller avtaler skilsdom. Tvistar blir behandla i den rettskrinsen kor Verket skal bli eller er blitt oppført, med mindre partane avtaler ein annan rettskrins.

Er Kunstnaren busett i eit land som ikkje er omfatta av Lugano-konvensjonen, blir tvisten avgjort ved skilsdom i Noreg etter reglane i Skilsdomslova. Dersom skilsdomsdommarar må bli oppnemnt av domstolen etter reglane i Skilsdomslova § 13 fjerde ledd, skal utnemninga skje ved Oslo tingrett.